


SYKKYLVEN KOMMUNE KONTROLLUTVALET



Kopi til: ordføreren, kommunedirektøren og revisjon.

Medlemmane av kontrollutvalet

Tirsdag 02.03.2021 kl. 12.00, vestibylen, kulturhuset.

SAKLISTE

- Sak 01/21 Godkjenning av møteboka frå møte 25. november 2020
- Sak 02/21 Meldingar til Sykkylven kontrollutval
- Sak 03/21 Interimrevisjon ved oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram
- Sak 04/21 Prosjektplan for forvaltningsrevisjon
- Sak 05/21 Kommunal internkontroll
- Sak 06/21 Årsmelding 2020 Sykkylven kontrollutval

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 926 11735 til dagleg leiar eller e-post bjorn.tommerdal@sksiks.no

Leonhard Vårdal
leiar
(sign.)



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 01/21

Møtedato: 2. mars 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 25. NOVEMBER 2020

MØTEBOK SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Møtedato: 25.11.2020, kl.14.00
Møtestad: vestibylen, Sykkylven kulturhus

Møtet vart leia av: Leonhard Vårdal

Elles til stades: Petter Hole-Drabløs, Grethe Melseth Kjellaug Roald og Målfinn Aanning.

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA møtte oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram og forvaltningsrevisor Kurt Løvoll.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling. Saklista vart godkjend.

SAK 17/20 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 09.SEPTEMBER 2020
--

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 18. november 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteboka frå 09. september 2020.

SAK 18/20 MELDINGAR TIL SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL
--

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 18. november 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitande.

SAK 19/20 PRESENTASJON AV REVISJONSPLAN 2020

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 18. november 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Sykkylven kontrollutval tek framlagte revisjonsplan 2020 til vitande

SAK 20/20 OPPFØLGING AV KOMMUNESTYRET SITT VEDTAK OM PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 18. november 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Sykkylven kontrollutval bestillar ein prosjektplan innanfor temaet «offentleg innkjøp» som grunnlag for ein forvaltningsrevisjon rapport. Prosjektplanen skal leverast på neste møte i Sykkylven kontrollutval (planlagt til onsdag 3. februar 2021) og være grunnlaget for bestilling av endeleg rapport.

SAK 21/20 PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL FOR SYKKYLVEN KOMMUNE

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 18. november 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sluttar seg til det framlagte forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2023.

Saka sendast kommunestyret med slik innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret vedtar plan for eigarskapskontroll 2020-2023. Første prioritet bør vere å få utarbeid ei oppdatert eigarskapsmelding for Sykkylven kommune i tråd med ny kommunelov. Kontrollutvalet bør vente med bestilling av eigarskapskontroll til denne meldinga er vedtatt.
2. Kontrollutvalet får fullmakt til å gjere endringar i planen. Ei slik eventuell justering av planen bør bygge på eventuelle endringar i risikobiletet og dei signal som kjem fram i eigarskapsmeldinga.
3. Kontrollutvalet bør prioritere å være med på eigarskapskontrollar som blir initiert av andre kontrollutval i selskap som ein eig saman.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 18. november 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet i Sykkylven kommune vedtar følgande møter for kalenderåret 2021:

onsdag 3. februar, onsdag 7. april, onsdag 19. mai, onsdag 15. september, onsdag 24. november

Eventuelt:

Sekretariat leier Bjørn Tømmerdal gav ei kort orientering om intern kontroll. Kontrollutvalet vil få ei sak om dette på nyåret og det er eit ønskje at kommunedirektøren blir invitert til kontrollutvalet for å orientere om dette temaet i Sykkylven kommune.

Møtet var slutt kl. 15.30

Leonhard Vårdal Leiar (sign.)	Petter Hole-Drabløs nestleiar (sign.)	Målfinn Aanning medlem (sign.)
Grethe Melset medlem (sign.)	Kjellaug Roald medlem (sign.)	

Sykkylven kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.:02/21

Møtedato: 2. mars 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

MELDINGAR

Melding nr. 1: Vedtak i Sykkylven kommunestyre, sak 90/20 Plan for eigarskapskontroll

Melding nr. 2. Informasjon om FKT (forum for kontroll og innsyn) sin konferanse i Ålesund 1. og 2. juni 2021.

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 20/16171
Saksbehandlar: Torill Skjeret
Dato: 01.12.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 90/20	Kommunestyret	14.12.2020

Plan for eigarskapskontroll for Sykkylven kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Kommunedirektøren har ikkje framlegg til vedtak.

Sjå tilråding frå kontrollutvalet i Sykkylven kommune i vedlegget.

Kommunestyret - 90/20

KST - behandling:

Samrøystes vedtak: Som kontrollutvalet si tilråding.

KST - Vedtak:

1. Kommunestyret vedtar plan for eigarskapskontroll 2020-2023. Første prioritet bør vere å få utarbeidd ei oppdatert eigarskapsmelding for Sykkylven kommune i tråd med ny kommunelov. Kontrollutvalet bør vente med bestilling av eigarskapskontroll til denne meldinga er vedtatt.
2. Kontrollutvalet får fullmakt til å gjere endringar i planen. Ei slik eventuell justering av planen bør bygge på eventuelle endringar i risikobiletet og dei signal som kjem fram i eigarskapsmeldinga.
3. Kontrollutvalet bør prioritere å vere med på eigarskapskontrollar som blir initiert av andre kontrollutval i selskap som ein eig saman.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sjå vedlagte sak 21/20 frå kontrollutvalet; Plan for eigarskapskontroll i Sykkylven kommune.

Saksopplysningar

--

Vurdering

--

Økonomiske konsekvenser

--

Geir Ove Vegsund
kommunedirektør

Synnøve Hunnes
einingsleiar Fellestenestene

Vedlegg:

sak 21 20 plan for eigarskapskontroll frå kontrollutvalet til kommunestyret

Fagkonferanse og årsmøte 2021



Velkommen til fagkonferansen 2021, 1.-2. juni

FKT planlegger med at den årlige fagkonferansen og årsmøtet arrangeres som en fysisk samling. Alternativet er å lage en digital produksjon som strømmes/sendes direkte til deltakerne. Deltakeravgiften vil da blir betraktelig redusert. Opplysninger om eventuelle endringer legges ut fortløpende.

[Scandic Parken, Ålesund](#)

Om programmet:

- Statsforvalteren i Møre og Romsdal åpner konferansen og det er naturlig at hun vil komme inn på samordning av statlige tilsyn og forvaltningsrevisjon
- Vi satser på noe gjenbruk fra programmet fra juni 2020, blant annet om roller og rolleforståelse i den kommunale egenkontrollen. Innlederne er fra fylket: ordfører, kommunedirektør og kontrollutvalgsleder.
- Kommunalt barnevern i et internasjonalt søkelys
- Habilitet i kommuner – kan vi snakke om rollekarusell? Saker som har vært omtalt i media
- Eierskapskontroll og kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskap og årsberetning

(Hele programmet blir lagt ut her når det er klart)

Om årsmøtet

Kveldsprogrammet

Godt gjemt i en av de få bydelene av Ålesund sentrum som overlevde bybrannen i 1904, i en oase av byhistoriske bygninger – i en nedlagt tranfabrikk i Molovegen, finner vi Teaterfabrikken. Du kan glede deg til en utfukt til teaterfabrikken [“Fabrikken med kultur på samlebåndet”](#). Her skal vi oppleve [Serveringsteateret](#)

Konferanseavgift:

- Kr 6 900, (Ikke medlem kr 7 300)

8 av 37

- Kr 5 500 uten overnatting (Ikke medlem kr 5 900)
- Ekstra overnatting fra 31. mai -1. juni 2021: Kr 1 395

Påmelding innen 6. april

Ved å melde deg på konferansen, samtykker du i at vi kan beholde dine personlige data så lenge det er behov knyttet til dette arrangementet.

Påmelding

Kommune/selskap

Organisasjonsnummer EHF *

Postnummer *

Poststed *

Ressursnummer e.l. (som ref. på faktura)

E-post

☐ Er medlem i FKT

Deltaker

Fornavn *

Etternavn *

Epost *

Mobil

Tilleggsopplysninger, allergier ol.

Ønsket deltakelse *

Send



INTERIMREVISJON VED OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR KATHRIN HARAM

Vedlegg: presentasjon frå oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram.

Bakgrunn:

Interimsrevisjon er den revisjonen som blir gjennomført i løpet av året for å kontrollere at dei interne kontrollane fungerer som forutsett gjennom året. I interimsrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område. Revisor har eit sjølvstendig fagleg ansvar for å revidere årsrekneskapen til kommunen i samsvar med lov, føresegner og god kommunal revisjonsskikk.

Rekneskapsrevisjon omfattar kommunen sin årsrekneskap, og dessutan årsrekneskapen i eventuelle kommunale føretak. Årsrekneskapane skal reviderast før dei blir lagde fram for handsaming i kommunestyret. I tillegg til revisjon av årsrekneskapen til kommunen vil også oppgåvene til revisor omfatte ei rekkje attestasjonar, til dømes meirverdiavgiftskompensasjon oppgåvene til kommunen.

I møte 2. mars 2021 vil oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram gje kontrollutvalet ein gjennomgang av interimsrevisjonen 2020. Hennar presentasjon ligg ved saka.

Kontrollutvalet bør også undersøke med revisor om funna i interimrevisjonen fører til eventuelle endringar for planen av revisjonen av årsrekneskapen 2020.

Tilråding til vedtak:

Sykkylven kontrollutval tek oppsummeringa frå Møre og Romsdal Revisjon SA til vitande.

Rapport etter interim 2020

SYKKYLVEN KOMMUNE

ORIENTERING I KONTROLLUTVALGET

Innledning

Planleggingen av revisjon handler i hovedsak om å forstå og kartlegge risiko for at det kan oppstå vesentlige feil i årsregnskapet.

Forståelsen bygger blant annet på erfaring fra tidligere års revisjon (herunder oppfølgingspunkter fra årsoppgjørrevisjonen 2019), og årlige risikovurderingshandlinger som følger av revisjonsstandardene,

Ved interimsrevisjon legges stor vekt på å oppdatere endringer og kartlegge transaksjoner i sentrale revisjonsprosesser, samt testing av internkontroll som er relevante for disse prosessene.

Denne rapporten tar opp unummererte forhold og/ eller forbedringspotensiale som er observert i interimsrevisjonen, samt andre opplysninger vi tenker kan være til nytte for administrasjonen og kontrollutvalg.

Virksomhetsstyring

- ▶ Testing av GITC (generelle IT-kontroller) ferdigstilt i desember 2020.
- 1. Test av tilgang til systemet etter at ansatte har sluttet. Vi fant ingen avvik under vår kontroll.

Årsavslutningsprosessen:

- ▶ Nye krav til revisjon av budsjettavvik. Presentasjon med administrasjonen i desember og sekretariatet i januar.
- ▶ Bruk av sjekklister for årsregnskap, årsberetning og noter.
- ▶ PBC liste. Følge opp de forhold som ikke var tilstrekkelig ivare tatt fra fjorårets liste.
- ▶ Årsmelding – pliktige forhold skilles ut som årsmelding i årsrapporten

Salgsområdet

- ▶ Ingen endring i kommunenes rutiner eller nøkkelpersonell på salgsområdet.
- ▶ Vi har gått gjennom rutinene i forbindelse med gjennomgang av utestående kundefordringer i forhold til tapsavsetning.
- ▶ Gjennomgang av kundefordringene per 18.12.2020.

Innkjøp/ kostnadsområdet

- ▶ Ingen vesentlige endringer i kommunens rutiner eller nøkkelpersonell på området.
- ▶ Kontrollert at rutiner vedrørende attestasjon og anvisning av fakturaer er fulgt. Ikke avdekket noen avvik.
- ▶ Momskompensasjon
 - ▶ Obs på kostnader som skal viderefaktureres til andre kommune
 - ▶ Vi mottar god dokumentasjon og eventuelle usikkerhetsmomenter tas opp med revisjonen (av administrasjon) i forkant av gjennomgang. Konstruktiv og åpen dialog.

Driftsmidler/ investeringer

- ▶ Skille mellom drift og investering – ingen vesentlige avvik funnet.
- ▶ Gjennomgang med administrasjonen vedrørende vurdering drift/ investering.

Lønnsområdet

- ▶ Vi har kartlagt kommunens rutiner og beskrivelse på lønnsområdet.
- ▶ Kontroll av selskapets rutiner vedrørende månedlige avstemming av lønnskostnader.
- ▶ Test av rutiner vedrørende registrering av nyansatte i HRM

Overføringsområde

- ▶ Ressurskrevende tjenester anses å være en stor og krevende attestasjon. Revisjonen anbefaler at alle som bidrar med grunndata er kjent med kriteriene i attestasjonen, og at de logiske sammenhengene blir godt vurdert.
 - ▶ Fordeling av timer mellom tjenestemottaker eks deling av nattevakt
 - ▶ Pris pr time
 - ▶ Totalbeløp per avdeling opp mot bokført kostnad i regnskapet.
- ▶ Sjekkliste spillemidler er sendt til kommunen høsten 2020.

Overføringsområde – attestasjon hittil i år 2020

- ▶ Momskompensasjon

Finansområdet

- ▶ Kontrollert at årets låneopptak er ihht vedtak i kommunestyret.
- ▶ Gjennomgang av rapportering sentrale utgifts og inntektsposter og prognoser i kommunestyret i mai. Dette erstattet 1.tertial-rapportering.
- ▶ Gjennomgang av rapportering 2. tertial 2020 og kontrollert at denne er behandlet av kommunestyret.
- ▶ Nytt finansreglement vil bli behandlet i kommunestyret i løpet av 2021.

“ Vi vil bidra til at innbyggerne i
vårt distrikt får enda bedre
kommuner å bo i ”

- Møre og Romsdal Revisjon SA



PROSJEKTPLAN FOR FORVALTINGSREVISJON

Vedlegg: Prosjektplan frå kommunerevisjonen ved Kurt Løvoll.

Bakgrunn:

Frå møteboka til Sykkylven kontrollutval 25. november 2020:

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Sykkylven kontrollutval bestillar ein prosjektplan innanfor temaet «offentleg innkjøp» som grunnlag for ein forvaltningsrevisjon rapport. Prosjektplanen skal leverast på neste møte i Sykkylven kontrollutval (planlagt til onsdag 3. februar 2021) og være grunnlaget for bestilling av endeleg rapport.

Vedlagt ligg eit forslag til prosjektplan frå Kurt Løvoll i kommunerevisjonen. Denne fangar opp fleire av dei problemstillingane som kontrollutvalet diskuterte på sitt førre møte. Det er også mogleg å diskutere nærare denne plana i møtet og kome med innspel.

Kontrollutvalet i Sykkylven kommune bør derfor vedta forslag til plan og starte opp arbeidet med forvaltningsrevisjon i tråd med dette.

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet igangsetjar arbeidet med ein forvaltningsrevisjon innan temaet «offentleg innkjøp» i tråd med vedlagte prosjektplan.



PROSJEKTPLAN

SYKKYLVEN KOMMUNE

Offentlege anskaffingar

JAN 2021

BAKGRUNN

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon om offentlege innkjøp i sitt møte 25.11.20 - sak 20/20. Bakgrunnen for bestillinga er plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023 og tilråding frå kontrollutvalet i sak 14/20.

Det er ein generell stor risiko for å gjere feil i samband med gjennomføring av offentlege innkjøp. Det er derfor viktig at slike innkjøp blir gjennomført i tråd med krav i lov og forskrift, og kommunen sitt interne regelverk på området. Reglane for anskaffingar er omfattande og til dels kompliserte, og krev at alle som gjer innkjøp og anskaffingar i kommunen har nødvendig kunnskap om dei reglar som til ein kvar tid gjeld. Dette for å sikre at dei grunnleggjande krava i regelverket blir lagt til grunn uansett kva slags innkjøp eller anskaffing kommunen skal foreta. Det er også av stor betydning at dei rammeavtalane som er inngått for kommunen blir nytta ved driftsinnkjøp, noko som gir stordriftsfordelar og fører til enklare gjennomføring av kjøpa.

Temaet offentlege innkjøp var eit tema i risiko- og vesentlegvurdering til Sykkylven kommune, og vart vurdert til eit høgt risikonivå (s.17-18). Der står det:

Kontrollutvalet peika i sitt møte 13.05.20 på offentlege innkjøp som eit aktuelt område for vidare oppfølging.

Sykkylven kommune har ikkje hatt saker i KOFA dei siste åra. For fleire år sidan var det ei klage til KOFA som gjaldt IT, og som medførte bot. Det har etter dette vore forsøkt diverse tilnærmingar på området mtp utlysing mv, og vi forstår det no slik at sak om dette var til handsaming i siste kommunestyremøtet før sommaren der det vart vedteke at kommunedirektøren skal leggje fram nye utgreiingar.

Det er ikkje eiga innkjøpsavdeling i kommunen, men Sykkylven er med i innkjøpssamarbeidet som er i regi av Ålesund kommune. Dette samarbeidet er i stor grad knytt til rammeavtalar.

I samband med regnskapsrevisjon 2017 vart det gjort førespurnad om div innkjøp, og det vart avdekt nokre avvik som vart rapportert til Kontrollutvalet, og det vart også gitt merknad i revisjonsmeldinga om dette.

Det er eit lite kapittel om innkjøpsreglar i kommunen som ein del av økonomireglementet. Der går det og fram «Strategiske grep for å hindre svart økonomi ved innkjøp» og «Implementering av ILOkonvensjon nr. 94».

Inne i økonomisystemet til kommunen ligg det direkte link til innkjøpsavtalane som gjeld for kommunen.

Det ligg slik vi forstår det ikkje føre eigen innkjøpsstrategi eller detaljerte rutinar.

Møre og Romsdal Revisjon SA legg fram forslag til prosjektskisse. Prosjektplanen blir lagt frem for godkjenning i kontrollutvalet 03.02.2021.

HOVUDFØREMÅL OG PROBLEMSTILLING

HOVUDFØREMÅL

Hovudføremålet med denne forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøkje om Sykkylven kommune føretekk offentlege anskaffingar¹ i tråd med regelverk og rutinar på området.

OM OFFENTLEGE ANSKAFFINGAR

Offentlege verksemdar må følge nokre grunnleggjande prinsipp og krav til prosedyrar ved planlegging og gjennomføring av offentlege anskaffingar. Krav til planlegging og gjennomføring av offentlege anskaffingar er regulert i lov om offentlege anskaffingar med tilhøyrande forskrifter (DFØ 2020).

Dei grunnleggjande prinsippa i lov om offentlege anskaffingar jf. §4 er «konkurranse, likebehandling, forutberegnelighet, etterprøvbarhet og forholdsmessighet». I «Veileder til reglene for offentlige anskaffelser» går det fram:

KONKURRANSE: Hovedregelen er at konkurranse skal avholdes. Det gjelder alle anskaffelser som er omfattet av lov og forskrift; både over og under terskelverdiene.

LIKEBEHANDLING: Forbud mot diskriminering på grunnlag av nasjonalitet og usaklig forskjellsbehandling på annet grunnlag. Oppdragsgiver skal også sikre at alle potensielle leverandører gis like muligheter ved at like tilfeller skal behandles likt, og ulike tilfeller behandles ulikt, med mindre noe annet er saklig og objektivt begrunnet.

ETTERPRØVBARHET: Kravet om etterprøvbarhet skal ivareta leverandørenes rettsikkerhet og gjøre det mulig å sjekke både om oppdragsgiver har fulgt reglene som gjelder for konkurransen, og om det offentlige har opptrådt på en måte som forvalter samfunnets ressurser effektivt.

FORUTBEREGNELIGHET: Oppdragsgiver skal sikre at anskaffelsesprosessen er forutsigbar for leverandørene og skal sikre åpenhet om alle stadier i anskaffelsesprosessen. Skal gjøre det mulig for leverandørene å vurdere om de vil delta i konkurransen samt sikre at leverandørene kan stole på at de angitte opplysningene om konkurransen blir fulgt.

FORHOLDMESSIGHET: Krav til at oppdragsgiver skal gjennomføre konkurransen på en måte som står til anskaffelsens art, omfang, verdi og kompleksitet.

¹ Anskaffingar er aktivitet med sikte på å dekke eit behov for varer, tenester eller bygg og anleggsarbeid.

PROBLEMSTILLINGAR

Det skal utarbeidast problemstillingar for den enkelte forvaltningsrevisjon. Med utgangspunkt i bestillinga frå kontrollutvalet har revisjonen operasjonalisert forslag til problemstillingar, og meiner at desse er tilstrekkeleg konkretisert og avgrensa til å kunne svarast ut.

Forslag til problemstillingar:

- 1. Har Sykkylven kommune sett i verk tiltak for å sikre at regelverket for offentlege anskaffingar blir følgt?**
 - Kommunens skriftlege dokument, opplæring blant tilsette og kva slags kontrolltiltak som er sett i verk.
- 2. Blir varer og tenester kjøpt inn i samsvar med lov og regelverk på området?**
 - Om anskaffingar som er gjort i 2019 og 2020 er utsett for konkurranse, at dei er kunngjort på Doffin², om skatteattest er innhenta, og at det er skreve protokoll for anskaffingar.
- 3. Nyttar Sykkylven kommune seg av dei inngåtte rammeavtalane på ein korrekt måte?**
 - Her vil vi sjå på inngåtte rammeavtar, bruken av desse, og innkjøp gjennom systemet elektronisk handel (heretter kalla e-handel).

Vi legg til grunn at det kan bli gjort justeringar og konkretiseringar av problemstillingar undervegs i prosjektet. Ved vesentlege endringar vil vi ta kontakt med kontrollutvalet. Vi vil uansett ha ein kontinuerleg dialog med kontrollutvalssekretariatet.

AVGRENSNINGER

Prosjektet er avgrensa til å vurdere kommunen sine system og rutinar knytt til innkjøp og anskaffingar som er gjort i løpet av 2019-2020. Vår gjennomgang omfattar difor ikkje alle anskaffingar som er gjort med alle føregåande prosessar.

REVISJONSKRITERIER

Med utgangspunkt i problemstillingane skal det etablerast revisjonskriterier. Revisjonskriterier er dei krav, normer eller standardar som kommunen skal vurderast ut frå. Revisjonskriteriene skal vere grunna i, og utleidd frå, autoritative kjelder innanfor det reviderte området. Revisjonskriteriene skal

² Den nasjonale kunngjøringsdatabasen for offentlige anskaffelser: www.doffin.no

vere relevante, konkrete og i samsvar med dei krav som gjeld for forvaltningsrevisjonsobjektet innafor den aktuelle tidsperioden.

Revisjonskriterier blir henta frå lov og forskrift om offentlege anskaffingar, samt rettleiingsmateriell frå departement, Difi (Direktoratet for forvaltning og IKT) og KS (Kommunenes Sentralforbund). Vi vil også innhente aktuell styringsinformasjon frå Sykkylven kommune.

PROBLEMSTILLING 1. HAR SYKKYLVEN KOMMUNE SETT I VERK TILTAK FOR Å SIKRE AT REGELVERKET FOR OFFENTLEGE ANSKAFFINGAR BLIR FØLGTT?

Forslag til revisjonskriterier:

- Sykkylven kommune bør ha eit reglement som omhandlar ei tydeleg oppgåve- og ansvarsfordeling, mål, forventningar og strategi for innkjøp og anskaffingar.
- Sykkylven kommune bør ivareta at tilsette med bestillerfunksjon får opplæring i reglar og rutinar for innkjøp og anskaffingar.
- Sykkylven kommune skal ha kontrolltiltak som førebyggjer, avdekker og rettar opp avvik i samband med innkjøp og anskaffingar.

PROBLEMSTILLING 2. BLIR VARER OG TENESTER KJØPT INN I SAMSVAR MED LOV OG REGELVERK PÅ OMRÅDET?

Forslag til revisjonskriterier:

- Sykkylven kommune skal sikre at kvar anskaffing så langt det er mogleg er basert på konkurranse.
- Sykkylven kommune skal sikre at anskaffing til ein verdi av over kr. 1 300 000 ekskl. mva. blir kunngjort på Doffin.no.
- Sykkylven kommune skal innhente skatteattest ved anskaffing i samsvar med forskrift om offentlege anskaffingar.
- Sykkylven kommune skal utarbeide ein protokoll for innkjøp og anskaffing i dei tilfelle det er krav om dokumentasjonsplikt.

PROBLEMSTILLING 3: NYTTAR SYKKYLVEN KOMMUNE SEG AV DEI INNGÅTTE RAMMEAVTALANE PÅ EIN KORREKT MÅTE?

Forslag til revisjonskriterier:

- Sykkylven kommune skal ha ein oppdatert oversikt over alle inngåtte rammeavtalar.
- Sykkylven kommune skal bruke dei rammeavtalane som til ein kvar tid gjeld.
- Sykkylven kommune bør nytte e-handel der dette er tilrettelagt.

KJELDER FOR REVISJONSKRITERIA

- Lov om offentlig anskaffelser
- Kommuneleien § 23
- Forskrift om offentlige anskaffingar
- St.m. 36 (2008-2009) «Det gode innkjøp».
- Eventuelle interne retningslinjer gjennom innkjøpssamarbeidet og egne prosedyre om anskaffingar

METODE

Undersøkinga blir gjennomført etter Norges kommunerevisorforbund (NKRF) sin standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Metodar som vil bli nytta er dokumentgjennomgang, intervju og spørjeundersøkingar for tilsette med innkjøpsansvar. Det vil vidare bli gjort stikkprøvekontroll av anskaffingar basert på gjennomgang av rekneskap.

Dokument vi vil sjå på er:

- Rekneskap
- Skriftlege rutinar
- Dokumentasjon på gjennomførte anbod
- Innkjøpsprotokoll
- Rammeavtalar

Vi legg opp til bruk av fleire metodar (metodetriangulering). Dette styrkar undersøkinga si truverd og reduserer risikoen for feil. Vi skal hente inn data i tilstrekkeleg omfang til å svare på problemstillingane.

PROSJEKTGRUPPE OG TIMEANSLAG

NAVN	TITTEL
Marianne Hopmark	Oppdragsansvarleg
Ingrid Walstad Larsen	Forvaltningsrevisor
Kathrine Haram	Regnskapsrevisor

Vi vurderer at prosjektet kan gjennomførast på 300 timer. Timeanslaget inneheld førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, datainnsamling- og analyse, utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet omfattar også presentasjon av prosjektplan og ferdig rapport for kontrollutvalet.

FRAMDRIFTSPLAN

AKTIVITET	PLANLAGT UTFØRT
Handsaming av prosjektplan i kontrollutvalet	03.02.2021
Oppstartsbrev til kommunedirektør	04.02.2021
Oppstartmøte med kommunedirektør	Februar 2021
Intervju og spørjeundersøking	Februar-April 2021
Arbeid med rapport	Februar-Mai 2021
Høyringsperiode	Mai 2021
Rapport til kontrollutvalet ved sekretariatet	10.juni 2021

For å kunne gjennomføre prosjektet innan fristen og med stipulert timebruk er det naudsynt at kommunen sender over etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som blir satt. I tillegg er vi avhengig av at utvalde personar stiller til intervju og verifiserer referat innan rimeleg tid.

KJELDER

Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (2020). «Offentlege anskaffingar». Henta frå:

[Lov og forskrifter om offentlege anskaffingar | Anskaffelser.no](https://anskaffelser.no)



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 05/21

Møtedato: 2. mars 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal/Kjetil Kvammen

KOMMUNAL INTERNKONTROLL

Vedlegg: Utskrift av kommunelova §§ 25-1 og 25-2

Bakgrunn:

1. Kva er internkontroll?

Internkontroll er ein del av kommunen sin eigenkontroll. Den eigenkontrollen som **kontrollutvalet** og **revisjonen** utfører vert styrd av kommunen sine folkevalde, medan internkontrollen vert leia av **kommunedirektøren**.

Målsetjinga for internkontrollen er at administrativ drift skal gå føre seg i samsvar med lova og anna regelverk. Gjennom internkontrollen vert det vidare lagt til rette for at administrasjonen skal vere gjenstand for ein trygg kontroll.

Internkontrollen gjeld altså kommunen sin administrasjon, dvs. alle aktivitetar som ikkje inngår som ein del av dei folkevalde sine oppgåver og roller.

Ein god internkontroll vil automatisk redusere trongen for tilsyn frå staten. Slike eksterne tilsynsfunksjonar kan då i større grad verte utførde som kontroll av kommunen sin internkontroll (systemrevisjon) i staden for tilsyn basert på enkelthendingar. Et godt system for internkontroll styrker difor det kommunale sjølvstyre.

Kommunedirektøren delegerer i stor grad mynde til dei tenesteutøvande sektorane i kommunen. Dette føreset at det er etablert rutinar og system som sikrar forsvarleg styring og kontroll. Dersom dette manglar, vil kommunedirektøren ikkje ha tilstrekkeleg kontroll med tenestene i sektorane slik at f.eks. lovbrøt lettare kan bli oversett, problemområde blir ikkje avdekka, ein set ikkje i verk tiltak for forbetringar og borgarane får kanskje ikkje den kvaliteten på tenestene som dei har krav på.

2. Ny kommunal lovgjeving om internkontroll frå 1. januar 2021

Det er kapittel 25 i den nye kommunelova som samla regulerer kravet om internkontroll og kommunen sine plikter på dette området. Eit av føremåla med ny lovgiving var å samle reglane for slik kontroll og gjere dei tydelegare, lettare tilgjengeleg og enklare å praktisere.

De nye reglane innfører minimumskrav til internkontroll. Det betyr at lova ikkje er uttømande for all internkontroll. Kommunen kan difor innføre annan og meir omfattande internkontroll i

tillegg. Men den nye lova var meint å samordne og forenkle regelverket, også for dei mindre kommunane. Samtidig er det stilt opp krav til både aktivitetar og innhald.

Regelverket er med dei nye endringane gjort enklare å praktisere. Kommunedirektøren kan til ein kvar tid gjere egne vurderingar og prioriteringar i eigen kommune og rette internkontrollen mot område der det er størst behov. Lova gjer greie for konkrete oppgåver som kommunedirektøren til ein kvar tid må vurdere opp mot situasjonen i eigen kommune.

Det er i forarbeida til lova framheva at internkontrollen skal vere **ein løpande prosess** og at dei nye reglane ikkje nødvendigvis skal innebere meir internkontroll, men at den blir betre.

Vektlegginga av internkontrollen er meir synleg i lova der dette området no er vigd eit eige kapittel. I den tidlegare kommunelova (av 1992) var reglane om dette meir «bortgøymde».

Det kan nemnast at internkontroll òg gjeld for kommunale føretak. I føretaket er det styret sitt ansvar på påsjå at dagleg leiar oppfyller lova sine krav til internkontroll.

3. Kvifor er internkontrollen viktig?

I NOU 2016:4 heiter det:

«Internkontroll er nødvendig for å ha kontroll med kommunens administrasjon. En god internkontroll vil bidra til at kommunane i større grad drives i tråd med gjeldande lover og forskrifter, og at administrasjonen følger opp mål og vedtak de folkevalte organer har fastsett. Dette er igjen viktig for at innbyggerane skal sikres det de har krav på, for at lokaldemokratiet fungerer ved at beslutninger fra de folkevalgte faktisk følges opp, og for å unngå misligheter og korrupsjon og så videre. Internkontrollen har således stor betydning både frå et samfunnsmessig perspektiv og for enkeltpersonar.»

Reglane om internkontroll legg ansvaret på kommunedirektøren. Likevel må i praksis heile administrasjonen vere delaktig i å oppfylle internkontrolltiltaka.

I høve til dei **folkevalde** vil internkontrollreglane gjere kommunedirektøren sitt kontrollansvar tydelegare. **Innbyggjarane** i kommunen vil få styrka tillit til at kommunen sjølv følgjer opp og rettar opp det som måtte vere uheldig, slik som vedtak som ikkje er i samsvar med lova, misligheter, korrupsjon o.l., samtidig som det vert levert gode tenester og ikkje minst at den kommunale drifta blir effektiv.

4. Kontrollutvalet si verksemd i høve til internkontrollen

Internkontrollen si innverknad på statleg tilsyn og det kommunale sjølvstyre er allereie nemnd. Tenlege system for internkontroll vil redusere omfanget av feil og avvik, uønskte hendingar, mv. og dermed behovet for hendingsbaserte tilsyn.

Tilsvarande positive verknader vil ein effektiv internkontroll ha for ulike andre område av kommunen sin eigenkontroll, slik som på ansvarsområda for kontrollutvalet og revisjonen.


Kommunestyret har den mest sentrale rolla som kommunen sitt kontrollorgan. Det er kommunestyret som har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda.

Kontrollutvalet skal føre ein løpande kontroll i kommunen på kommunestyret sine vegne og rapportere resultatet av arbeidet sitt til kommunestyret. I § 23-2 gir kommunelova nærare reglar om lovpålagde oppgåver som fell innafor kontrollutvalet sitt ansvar og mynde. I rolla med å utføre kontrollansvaret er kommunen sin administrasjon sentral.

Frå kommunestyret går det ei kontroll-line til kommunedirektøren som, ved sidan av andre kontrollfunksjonar, og skal føre kontroll med kommunen si administrative verksemd gjennom systemet for internkontroll.

Den andre kontroll-lina frå kommunestyret går til kontrollutvalet som er ansvarleg for kontroll og tilsyn med heile den kommunale verksemda, både administrasjonen og dei folkevalde organa.

Prinsippskisse som viser korleis kommunestyret utøver det overordna tilsynsansvaret sitt via dei to styringslinene



Av kommunelova § 23-1 første ledd går det fram at kontrollutvalet «skal føre løpende kontroll» på kommunestyret sine vegne. Kontrollutvalet kan i prinsippet behandle eitkvart tilhøve ved kommunen si verksemd, så lenge det kan definerast som kontroll eller tilsyn (jfr. Kontrollutvalsboka, 2. utg. side 12).

Kontrollutvalet har difor høve til å føre kontroll og tilsyn med at kommunedirektøren oppfyller si plikt til å etablere system og rutinar for å oppnå ein føremålstenleg internkontroll. Kontrollutvalet sitt tilsyn kan og omfatte både systema og kommunedirektøren si rapportering til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med at systema på dette området fungerer, blir oppdatert og blir brukt etter si hensikt.

Også i tilknytning til konkrete sakstilfelle kan kontrollutvalet stille spørsmål og vurdere om internkontrollen har hatt den kvaliteten som må forventast, og om uønskt resultat kunne ha vore unngått gjennom ein betre tilpassa internkontroll.

Når det gjeld kommunale føretak vil det vere kontrollutvalet si oppgåve og ansvar å påsjå at styret utfører tilsynsoppgåva si overfor dagleg leiar

5. Praktiske eksempel

5.1. Rutinar ved sjukeheim – liv og helse

Kommunen hadde i fleire år etterlyst ei meir systematisk oppfølging av hjarte- og lungeredning. Då fylkesmannen påpeikte at rutinene for dette umiddelbart måtte endrast, vart det sett opp informasjon om dette på alle vaktrom.

Fylkesmannen kommenterte dette slik:

«Det er etter dette fortsatt uklart for Fylkesmannen hvordan ledelsen ved helsetunet har forsikret seg om at riktige rutiner er implementert og at de er enhetlige», skriv fylkesmannen. «Fylkesmannen savner en redegjørelse for kommunens internkontroll som skal sikre at samtlige ansatte har de nødvendige forutsetningene for å utføre sine arbeidsoppgaver på en forsvarlig måte.»

«Vi ber om at kommunen konkretiserer og dokumenterer dette», skriv fylkesmannen i brevet sitt.

5.2. Brannførebygging i kommunale bygg – avkorting i forsikring

Norsk Kommunalteknisk Forening (NKF), som samarbeider for å bidra til god forvaltning av kommunale bygg, uttalar:

«En utfordring mange oppdager for sent, er at manglende internkontroll kan gi store reduksjoner i et forsikringsoppgjør. Dette kommer på toppen av kostnadene kommunen må beregne når et nytt kommunalt formålsbygg må bygges opp etter det som er brent ned. »,»,

NKF har utviklet verktøy som skal bidra til å sikre disse rutinene, og som også er nyttig grunnlag når kommunestyrene blir utfordret på å prioritere midler til drift og ikke minst brannførebyggende tiltak.»

5.3. Drikkevatn frå kommunalt anlegg – om vassforsyninga er trygg

«Forhåpentligvis kan du svare at statlige tilsyn og kommunens internkontroll tyder på at alle krav og pålegg blir fulgt, og at målingene så langt viser at vannkvaliteten er god. Og at innbyggerne vil bli varslet så raskt det lar seg gjøre, hvis det skulle oppstå tvil.»
(Kilde: Kommunal Rapport)

6. Kommunedirektøren si rapportering

Etter kommunelova § 25-2 skal kommunedirektøren rapportere til kommunestyret om internkontroll minst éin gong i året.

«I kravet om *rapportering om internkontrollen* ligger det at det både skal rapporteres om systemer, rutiner og løpende internkontrollarbeid, og det skal rapporteres om konkrete kontroller som er gjennomført. Hvor mye det skal sies om dette, og det generelle omfanget av og detaljeringsgraden på en slik rapportering, er det opp til kommunestyret å bestemme. Dersom kommunestyret ikke har bestemt noe, vil kommunedirektøren ha frihet til å tilpasse rapporteringen» (**Prop. 46 L (2017-2018 s. 413)**).

I mange tilfelle er internkontrollrapporteringa inntatt i årsberetninga.

Oppsummering

Internkontrollen er betre synleggjort i den nye kommunelova. Både målsetjingane og midlane er enklare formulert. Dermed ligg internkontrollen og opnare og meir tilgjengeleg for kontrollutvalet sin kontroll.

Lova si punktvisse opprekning av minimumskrava gjer at kontrollutvalet som regel vil kunne be om innsyn i korleis oppgåva vert løyst.

At kommunedirektøren har etablert eit forsvarleg system på dette området vil vere naturleg for eit kontrollutval å få orientering om.

Tilråding til vedtak:

1. Kontrollutvalet syner til den store betydninga internkontrollen har for den kommunale verksemda.
2. Utvalet ber om å få ei orientering frå kommunedirektøren om arbeidet med internkontrollen i kommunen.

Kommunelova Kapittel 25. Internkontroll

§ 25-1. Internkontroll i kommunen og fylkeskommunen

Kommuner og fylkeskommuner skal ha internkontroll med administrasjonens virksomhet for å sikre at lover og forskrifter følges. Kommunedirektøren i kommunen og fylkeskommunen er ansvarlig for internkontrollen.

Internkontrollen skal være systematisk og tilpasses virksomhetens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.

Ved internkontroll etter denne paragrafen skal kommunedirektøren

- a) utarbeide en beskrivelse av virksomhetens hovedoppgaver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutiner og prosedyrer
- c) avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig
- e) evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll.

§ 25-2. Rapportering til kommunestyret og fylkestinget om internkontroll og statlig tilsyn

Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret og fylkestinget om internkontroll og om resultater fra statlig tilsyn minst én gang i året.



ÅRSMELDING 2020 SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Bakgrunn:

Etter Lov om kommunar og fylkeskommunar § 23-1 er det pålagt for kommunane å ha kontrollutval.

Kommunelova har som føremål at kommunen si verksemd skal:

- Legge til rette forholda for eit funksjonsdyktig kommunalt folkestyre
- og for ei rasjonell og effektiv forvaltning av dei kommunale fellesinteressene innanfor ramma av det nasjonale fellesskapet og med sikte på ei berekraftig utvikling.
- Legge til rette for ei tillitsskapande forvaltning som bygg på ein høg etisk standard

Dette gir mål for kontrollutvalet sitt arbeid og peikar ut ei retning for korleis utvalet skal utøve rollen sin. Desse måla skal vere å finne igjen i føremålet med både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon selskapskontroll og andre typar kontrollar. Årsmeldinga gir informasjon om kva for oppgåver kontrollutvalet har hatt fokus på i 2020 og dermed kva utvalet har gjort for å bidra til å nå dei overordna måla.

Utvalet skal på vegne av kommunestyret stå for det løpande tilsynet med kommunen si forvaltning. Utvalet rapporterer og gir innstilling direkte til kommunestyret i saker der dette er oppgåva.

I medhald av kommunelova har kommunaldepartementet fastsett forskrifter om kontrollutval den 17. juni 2019. I forskrifta er det gitt reglar for val og samansetting av utvalet, om utvalet sitt ansvar og oppgåver, om saksbehandling og sekretariat.

Mellom anna skal utvalet føre tilsyn med at revisjon av årsrekneskapen skjer på ein tilfredsstillande måte og at det blir utført forvaltningsrevisjon og tilsyn med eigarskapet i selskap der kommunen er eigar eller deleigar i.

Etter regelverket skal kontrollutvalet ha eige sekretariat, uavhengig av administrasjonen og den valde revisjon. Sekretariatet skal mellom anna sjå til at sakene som blir lagt fram for kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd.

Etter kommunevalet hausten 2019 fekk utvalet slik samansetting:

Leiar: Leonhard Vårdal
Nestleiar: Petter Hole-Drabløs

Medlem: Grethe Melseth0
Medlem: Målfinn Aanning
Medlem: Kjellaug Roald

Aktiviteten i året

Kontrollutvalet har hatt 5 møte i 2020 og behandla 22 saker. Dette er ein høgare aktivitet enn førre år, og aktiviteten er eit resultat av det behovet kontrollutvalet har hatt for å ta opp fleire saker.

Møtebøker frå kontrollutvalet sine møte blir oversendt kommunestyret til orientering. Kommunestyret får dermed løpande oversikt over aktiviteten i kontrollutvalet. I saker der kontrollutvalet gir innstilling eller uttalar til kommunestyret blir det sendt sær utskrift og saksdokument til kommunestyret. Innstillingsretten i slike saker ligg til kontrollutvalet.

Det har blitt lagt vekt på å delta i relevante fora for å halde seg oppdatert om informasjon som er aktuell for kontrollutvalet sine oppgåver. Diverre har korona situasjonen i Noreg også hatt konsekvensar for Sykkylven kontrollutval. Planlagde konferansar har blitt avlyst og kontrollutval møtet i april blei gjennomført som telefonmøte. Heldigvis har oss gjennomført møta i tråd kommunelegen sine anbefalingar og i tråd med møteplanen.

Når kontrollutvalet har ønska meir informasjon om kommunen si verksemd og samtidig gjere eigen funksjon meir kjent, har kommunedirektøren blitt invitert for å orientere. Også revisor har blitt invitert til å orientere om revisjonsarbeidet.

I tillegg til behandling av kommunen sine rekneskap og årsmelding, har kontrollutvalet også sett det som ei viktig oppgåve å ha ei løpande oppfølging av kommunerevisjonen sine merknader. Kontrollutvalet har også fått ei orientering om revisjonsplanen for rekneskapsåret 2020.

Vidare har kontrollutvalet arbeid med plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll, fått orientering av administrasjonen omkring etablering av nytt legesenter, ny sentrumsskule og ny veg til Sørestranda skule. Kontrollutvalet har fått utarbeid nytt reglement for Sykkylven kontrollutval som var vedteken av kommunestyret.

Medlemane i kontrollutvalet er kjent med at kontrollutvalet sine oppgåver er mange og viktige. Derfor har det blitt gitt prioritet å styrke dette arbeidet. Kontrollutvalet har teke sikte på å bidra til at det blir skapt tillit til kommunen og at kommunen fram står som truverdig for brukarar og innbyggjarar i tenesteproduksjon, utøving av mynde og forvaltningsfunksjonar.

Tilråding til vedtak:

Sykkylven kontrollutval godkjenner årsmeldinga for 2020. Den blir å sende over til kommunestyret til orientering.